



Lindås Tomteselskap AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2835 - 17/27596

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.09.2017

## Løyve til frådelling av eigedom - gbnr 137/705 Alver

**Administrativt vedtak**    **Saknr:** 446/17  
**Søknadstype:**            Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

### **Saksutgreiing** **Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av om lag 456 m<sup>2</sup> frå gbnr. 137/705.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.09.17.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var klar for handsaming den 14.09.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Rv. 565 Isdalstø – Alverflaten/planid.: 1263-200707 er definert som anna veggrunn. Det er i uttale til merknad frå Statens vegvesen opplyst at ny parsell er søkt frådelt til uendra bruk.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gbnr. 137/608:



Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 04.09.2017.

Vi minner om at dersom søknaden gjeld endra/utvida bruk av avkjørsle, byggjegrænse langs fylkesveg eller andre forhold som vedkjem vegvesenet sitt fagområde, skal Statens vegvesen som vegmynde ha saka tilsendt for uttale etter plan- og bygningslova, eventuelt for saksbehandling etter veglova.

Vi minner også om at avkjørsel frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert etablert ny eigedom, jf. §PBL 27-4 og veglova §§ 40 – 43.

Ansvarleg søkjar har kommentert nabomerknad ved epost datert 18.09.17. Ansvarleg søkjar opplyser at: Det vises til søknad om fradeling av parsell fra gnr. 137 bnr. 705 i Lindås.

Har følgende merknad til Statens vegvesen sin uttalelse: Arealet søkes fradelt til uendret bruk.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 25.08.17.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering, vatn og avløp**

Parsellen er regulert til anna veggrunn, og er søkt frådelt til uendra bruk – anna veggrunn. Tilhøve knytt til tilkomst, avkjørsle, parkering, vatn og avlaup er ikkje vurdert relevant for arealbruken.

Det er søknad opplyst at ein søkjer å opprette parsellen som eigen grunneigedom då den no er fysisk adskildt frå resterande del av gbnr. 137/705.

### **VURDERING:**

#### **Nabomerknad**

Parsellen er regulert til anna veggrunn, og er søkt frådelt til uendra bruk. Arealet krev ikkje avkjørsle slik det ligg i dag. Dersom arealet skal takast i bruk til anna arealføremål enn det som ligg i gjeldande reguleringsplanen vil det krevje reguleringsendring.

#### **Vurdering pbl § 21-6**

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Den aktuelle parsellen er søkt frådelt til uendra bruk – anna veggrunn. Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 25.08.17.

### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 456 m<sup>2</sup> frå gbnr.137/705. Parsellen skal nyttas som anna veggrunn.

## Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 456 m<sup>2</sup> frå gbnr.137/705 på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 25.08.17, jf. pbl. § 29-4. Bruk av grunnen er vegareal/anna veggrunn.
- Nøyaktig storleik på parsellen vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

## Ansvar

*Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka oversend avdeling for kart og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Tomteselskap AS	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap AS	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
------------------------	------------	------	----------